



70
ÅR

Dale

BRØDRENE DALE AS



Vindu og dører til hus og hytte



Spesialist på målsaum

Brødrene Dale AS er ei bedrift med lange og stolte tradisjonar. Vi har halde på sidan 1947 og er lokalisert på Dale i Volda kommune. Vi er opptatt av å levere produkt med høg kvalitet og lang levetid, tilpassa kunden sine behov.

Våre vindu er produserte av laminert og kvistfri furu, vakumimpregnert mot sopp og råte, grunna og beisa. Dette vert gjort for å sikre maksimal kvalitet og levetid.

Vindua vert leverte kvite (S 0502Y) med klart glas som standard. Andre fargar og glastypar kan også leverast.

Detaljar:

- ◆ karm 92 eller 115 mm
- ◆ ramme 67 mm for 2-lags glas
- ◆ ramme 80 mm for 3-lags glas
- ◆ varmgalvaniserte hengsler og beslag
- ◆ fleire variantar av vridarar/haspe
- ◆ utforingsnot
- ◆ frest for vannbrett

I våre standardvindu nyttar vi 2-lags energiglas med argon og varmkant spacer, U-verdi = 1,2. Vi leverer også vindu med betre isolasjonenevne og andre glasvariantar.



«Spesialistar på målsaum»

Vi er opptatt av at kunden får vindua sine slik som han ønsker. Vi kan produsere vindu i utallige storleikar og med forskjellige former, vindua kan ha forskjellige typar glas og kvalitetar. Det er ofte berre fantasien som set begrensinga. Om kunden er i tvil kva løysing og kva type vindu som skal velgast er vi sjølvstekt tilgjengelege for å kunne gi gode råd og å vere med i prosessen for utforming.

Maskinparken vår er moderne og gjer at vi har ein effektiv produksjon med store variasjonsmoglegheiter. Dette saman med lang erfaring og dyktige fagfolk sikrar at vi er trygge på kvalitet og leveranse.



Eit vindu er berre eit vindu ...

So enkelt er det nok ikkje. Vindua på huset eller hytta di kan utgjere den store skilnaden. Gjennom vinduet slepp ein inn lys, og større flater gir meir lys. Gjennom vinduet ser ein ut, og utsikt er viktig for folk flest. Ein kjem nærare uteromet dersom vinduet gir høve til det, og kan gjere at ein føler seg i eitt med naturen eller omgjevnadane utanfor. Store vindu gir godt utsyn, men også mogleg meir innsyn. Vindu skaper fasaden og er med på å gi bygget sin stil. Vindua skal vare i mange år, derfor må ein tenke igjennom korleis vindua skal vere, kva behov dei skal dekke og kva kvalitetar dei skal ha. Utsikta er ikkje lik ein einaste dag. Nyansar endrar seg og er påverka av årstider og menneskeleg aktivitet, i tillegg spelar ver og vind inn. Eit vindu kan vere det vakraste bilete.

– *Eit vindu er ikkje alltid berre eit vindu ...*



Sidehengsla

Våre sidehengsla vindu er utslåande og vert leverte kvitmala med hasper, krok og varmgalvaniserte hengsler som standard. Valmoglegheitene er mange, og du kan eksempelvis få anna låsesystem, ventil, barnesikring, anna farge, innvendig stormkrok og fleire glastypar m.v.

Sidehengsla vindu vert leverte som 1-, 2-, 3-, 4-, 5- og 6-ramsvindu. Vi leverer også T-post vindu.



Topphengsla

Topphengsla vindu vert leverte kvitmala med hasper, krok og varmgalvaniserte hengsler som standard.




Fastkarm

Vert ofte brukte i kombinasjon med andre vindu og som fasadevindu. Her kan du velge forskjellige former, eksempelvis med skrå karm.



Toppsving

Det tradisjonelle toppsvingvinduet får du produsert etter mål og ønske. Er utstyrt med IPA-toppsvingbeslag og barnesikring. Vi lagerfører dei vanlegaste måla. Leverast med matt espagnolettvidar som standard.



Balkongdører

Balkongdørene er som vindua vakumimpregnerte, grunna og beisa. Vi leverer balkongdørene med matt vridar og sikker espagnolettlåsing, dei kan låsast i luftestilling. Dørene er leverte med eiketerskel.

Vi leverer dørene med ulik brystningshøgde, tilpassa vindua rundt. Vert leverte både som 1-fløya og 2-fløya.

Ekstra haldbare vindu – minimalt med vedlikehald

Vi leverer vindu med aluminiumskledd utside. Denne løysinga gir deg den tradisjonelle innsida av tre. I tillegg får du ei delikat utside som du slepp å skrape og male, med lenger levetid.

Aluminiumskledninga gir beskyttelse mot ytre påkjenningar og held unna slitasje på grunn av ver og vind.

Mange moglegheiter

Ved ønske om tilpassing av vindu og dører er moglegheitene mange.

Når du vel Brødrene Dale som leverandør kan du få levert vinduet slik du vil.



Du kan mellom anna velge

- ◆ anna farge enn standard kvit
- ◆ ulik farge inne/ute
- ◆ forskjellige typar vridarar/låsar
- ◆ forskjellige glastypar, som frosta, farga, sjøvrensande, solskjermende, støydempande, sikkerheitsglas og fleire
- ◆ med eller utan ventil
- ◆ med eller utan barnesikring
- ◆ utvendig, innbakt eller gjennomgåande sross
- ◆ stormkrok

Ved behov for spesielle tilpassingar tek du kontakt.



Foringar

Vi lagerfører kvitmalte furuforingar i breidde 0–400 mm. Foringane lerverer vi også ferdig tilpassa vinduet si breidd og høgd.

Sprosser

Sprosser brukast for å endre fasaden og vil gjere at bygget får ein anna stil.

Våre sprosseramere er produsert av furu som er 100% kvistreine. Vi brukar syrefaste stifter i monteringa av sprosseramene.

Alle sprosser er vakumimpregnert mot sopp og råte. Sprosseramene vert leverte standard som kvit (S 0502Y). Anna farge vert levert mot bestilling.

Sprosser kan brukast til alle typer vindu og dører. Dei vert festa på vinduet med plastpluggar, men kan også leverast med sprossehengsler.

NB! Ved bestilling av sprosser er det viktig å ta korrekte mål. Ta kontakt med oss om du er i tvil.

Andre typar sprosser:

- ◆ alumax klipssprosser
- ◆ PVC rammesprosser
- ◆ innbakte sprosser mellom glas



Brødrene Dale AS ligg i Volda kommune på Sunnmøre. Fabrikken ligg i Dalsbygda om lag ein halv time frå Volda sentrum. Vi har moderne maskiner og dyktige fagfolk, og lagerfører dei fleste standardprodukt. Fabrikken har eige impregneringsanlegg for grunnbehandling og eit moderne lakk/beisanlegg for overflatebehandling av produkta.



Foto: Jørn Olav Løset

Dalsfjordvegen 2793
6120 FOLKESTAD

www.dale-as.no

E-post: firmapost@dale-as.no
Tlf.: 70 07 44 80

FORHANDLAR: